

Møteprotokoll for hovedstyret i Norges Korforbund Øvre Gauldal

Referat Styremøte 06/2022

Tid: 8.12.2022 kl. 19.00-20.15
Stad: Hovin Samfunnshus
Til stades: Lars Nesheim, Kjell Olden, Solveig Langvik (2. vara)
Forfall: May Anita Halseth, Laila Dalborgskogen, Stein Flatås, Bjørg Rise Sørløkken (1. vara), Harald Moen (3. vara)

Sak	Beskrivelse / Vedtak	Ansvar	Frist
32/22	Godkjenning av referat frå 20.10.2022 (V) Ingen merknader.	Lars	
33/22	Budsjett for stemnet til Hauka mannskor 2023 (V) Olav Edvin Heggvold frå Hauka mannskor presenterte forslag til opplegg og budsjett for stemnet i juni 2022. Arrangementet skal haldast på Berkåk. Det vert lagt opp til kyrkjekonsert fredag i Soknedal kyrkje og i Berkåk kyrkje på laurdag (Soknedal kyrkje opptatt laurdag, bryllaup). Deltakarprisane er på same nivå som i 2022. Det var tatt med ei utgift til medaljar, det kan strykast, vert ordna av NKØG. Sum inntekter kr 577.000, inkl. kr 25.000 i sponsorinntekter. Sum utgifter kr 507.000, med et overskott på kr 70.000. I 2022 vart arrangøren oppfordra av NKØG til å vurdere korleis ein kan få til ein miljøprofil. Det bør vere eit mål også i 2023. Det er mellom anna ikkje lagt opp til trykt program. Vedtak: Styret godkjenner forslaget til budsjett	Lars/alle	
34/22	Oppfølging av leiarmøtet (V) a. På leiarmøtet 20. november vart det orientert om eit møte med Norges Korforbund Sør-Trøndelag. Møtet tilrådte at styret skulle takke høfleg nei til vidare samtalar om ei eventuell samanslåing av NKØG og NKST. Vedtatt einstemmig. b. Seminar med Mai-Britt Wagnild søndag 26. mars. Honorar kr 7.500. Deltakaravgift og eventuell støtte frå NKØG må fastsetjast på neste styremøte, i samband med budsjett for 2023. Lars spør Hovinkoret om dei kan vere vertskap. Dei kan då søkje NK om støtte i ordninga 'Med stemmen som instrument' (DL kan ikkje søkje). c. Kritikarpris. Leiarmøtet tilrådte å leggje ned kritikarprisen. I og med at prisen er nemnt i retningslinjene, må dette opp på årsmøtet.	Lars/alle	
35/22	Førebuing til årsmøtet (V) a. Søndag 12. februar kl. 19. Kora vart varsla 7. desember (skal vere seinast 6 veker før) b. Valkomitéen er varsla	Lars/alle	

Møteprotokoll for hovedstyret i Norges Korforbund Øvre Gauldal

	c. På grunnlag av oversyn over arrangørar av årsmøte og leiarsamlingar frå og med 2014, vil Lars spørje Haltdalen mannskor om dei kan vere teknisk arrangør. Godtgjersle kr 300 per delegat, pluss eventuell husleige. d. Vedtektsendringar. Lars lagar oversyn over nødvendige endringar til neste styremøte. Alle sakspapir må sendast ut minst 14 dagar før møtet.		
36/22	Status økonomi (O) Kasserar Stein hadde sendt eit oversyn over økonomisk status til Lars. Det er brukt kr 104.654 (budsjett for 2022: kr 115.300. Inntektene er kr 81.855 (budsjett: kr 100.450). Det betyr eit underskott på kr 22.799 (budsjett: - kr 14.850).	Lars/Stein	
37/22	Dato for neste styremøte og for årsmøtet(V/O) Neste styremøte vert halde digitalt torsdag 12. januar kl. 19. Årsmøtet skal haldast søndag 12. februar. Møtestad ikkje bestemt.	Lars/alle	